



Til ordførarane i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlanskap

VERDSARV

Vestnorsk fjordlandskap

Aurland, 11.august 2016.

Samla innsats for styrking av økonomien i Tiltaksplanen.

I samband med innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap på verdsarvlista som Noreg sitt einaste naturarvområde, er det framheva at kulturlandskapet tilfører området ein kulturell dimensjon, som både utfyller og aukar verdsarvstatusen.

Eit sjølvgåande husdyrbasert landbruk er vesentleg for å oppretthalde denne statusen og soleis den einaste realistiske løysinga for å ta vare på kulturlandskapet i området. Eit levande landbruk er og i mange høve avgjerande for vidare busetnad/ lokal samfunnsutvikling i grender og dalføre som verdsarven femner over.

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet er, forsiktig sagt, eit svært attraktivt reisemål som årleg vert vitja av bortimot ein trekvart million gjester. Fjord- og fjellandskapet er i reiselivssamanhang Noreg sitt fremste fyrtårn. Vakre og inntrykkssterke bilete av verdsarvfjordane pregar internasjonale kampanjar i regi av både Innovasjon Norge og Fjord Norge.

Bevaring av kulturlandskapet har sidan innskrivinga på verdsarvlista i 2005 vore ei viktig og prioritert sak for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap. Etter oppmøding og møter med 5 departement (MD, LMD, NHD, KRD og KKD) hausten 2006, vart det utarbeidd ein tiltaksplan for bevaring av kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan.

Tiltaksplanen fremjar 4 bidragsordningar som kjem i tillegg til andre tilskotsordningar over landbruks- og miljøforvaltninga. Desse skal styrke driftsgrunnlaget og - økonomien til aktive bruk i og ikring Verdsarvområdet:

1. **Arealbidrag** - skal styrke årleg slått og skjøtsel av jordbruksareala.
2. **Beitebidrag** - skal styrke og sikre beiting med husdyr.
3. **Investeringsbidrag** – skal motivere for, samt sikre toppfinansiering av, naudsynte investeringar i driftsbygningar/ driftsapparat.
4. **Kulturbidrag** – skal motivere for å ta vare på kulturlandskapselement og kulturlandskapsverdiar. Bidraget skal gjere det økonomisk interessant å ta vare på samfunnsverdiar som er viktige for heilskapen og mangfoldet i kulturlandskapet.

Pr. i dag er det etablert økonomi til dei to fyrste bidragsordningane - arealbidrag og beitebidrag. Her stiller LMD over jordbruksavtalen og KLD over sine budsjettpostar med høvesvis kr. 1,225 mill. og kr. 1,0 mill. til kvart delområde. Fylkesmennene si landbruksavdeling i Sogn og Fjordane/ Møre og Romsdal forvaltar ordninga og fordeler midlane til brukarane i samsvar med inngått avtale. Aktiviteten er stor; noko som er positivt, men samstundes ei utfordring i høve til tilgjengeleg økonomi.

Pr. dag er ein nær ved å sprengje ramma. Dette i tillegg til at dei nemnde summane avsett til areal- og beitebidrag ikkje har vore justert i takt med anna kostnads- og samfunnsutvikling tilseier klart at det no er trond for å styrke denne delen av økonomien i tiltaksplanen.

Dei to andre bidragsordningane er så langt utan økonomi. Av desse er det igjen investeringsbidraget som det no er særstakt viktig få etablert. Eit aktivt landbruk må kunne føreta naudsynte investeringar i driftsapparatet. Utan dette vil og resten av aktiviteten truleg falle bort.

Ei kartlegging gjennomført i 2011 av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal syntet på fylgjande investeringsbehov dei nærmaste åra fordelt på 18 bruk:

- Nærøyfjordområdet: 11 mill.
- Geirangerfjordområdet: 10 mill.

Utviklinga dei siste åra gjev ikkje grunnlag for å tru at dette investeringsbehovet har minka i noko særleg grad.

Eksisterande nasjonale tilskotsordningar til investeringar i landbruket gjennom Innovasjon Norge har så langt ikkje synt seg å vere tilstrekkeleg for å sikre ei forsvarleg finansiering av tiltaka i verdsarvområdet.

I Geirangerfjordområdet er stoda no kritisk med omsyn til framtidig aktiv- og husdyrbasert landbruksdrift. Stoda i Nærøyfjordområdet er p.t. noko betre men like fullt utfordrande sett nokon år fram tid.

Oppmoding til politisk engasjement

Denne situasjonen, samt vekslande respons og resultat frå tidlegare kontakt mot relevante nasjonale styresmakter, har ført til at Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap/verdsarvstiftingane har sendt ein søknad til KLD og LMD ved statsrådane om midlar til to viktige investeringsprosjekt – jfr .vedlegg.

Dette er eit viktig grep for å no få ei grundig og sakleg handsaming av saka. Det er og naudsynt for å unngå at denne delen av tiltaksplanen enno ein gong vert sendt på ein nasjonal variant av ei ørkenvandring kor relevante styresmakter ikkje tek ansvar men peikar i staden på kvarandre.

Eit positivt resultat føreset eit breitt politisk engasjement gjennom fleire kanalar. Ordførarane i verdsarvkommunane vert difor sterkt oppmoda om å løfte denne saka inn til sine repr. på Stortinget.

Eg ser for meg at kva og ein vidareformidlar innhaldet i dette notatet til sine respektive parti på Stortinget og til sine fylkesbenkar, der Jan Ove Tryggestad får ansvar for Møre- og romsdal, Noralv Distad for Sogn- og fjordane og Hans-Erik Ringkjøb for Hordaland.

Det er laga eit eige notat, basert på dette notatet, som kan nyttast overfor eksterne aktørar. Vidare ber eg og om at kvar enkelt ordførar melder tilbake kva de kan gjera for å fremja denne viktige saka i tida som kjem.

I dette arbeidet vert den politiske oppgåva følgjande:

- Sikra at sentrale politikarar og styresmakter for opp augo for verdsarvområdet vårt
- Får fram kva rolle verdsarven spelar for landbruksnæringa og reiselivet i regionen

- Få dei til å støtte dei tiltaka som er skissert i notatet, dvs auka dei omfanget av areal- og beitebidraga, samt å få dei til å få plass kultur- og investeringsbidraga
- Få fram at utan investeringar innan landbruket i verdsarvområdet, vil verdsarven innan få år framstå som noko anna enn det den har vore (jf her den nemnde søknad til KLD og LMD ved statsrådane om midlar til to viktige investeringsprosjekt – jfr .vedlegg.)

Beste helsing

Hans-Erik Ringkjøb

Leiar Verdsarvrådet

Erling Oppheim

Sekr. leiar Verdsarvrådet